

Vyrde Veiking!

I år kastar Veikingkonvoien loss for vistnok **18.** gong. Nok ein gong har presset frå Florøfolk, Værlendinga, Ålfotingar og andre føter gjort at vi rustar oss til landets største båtkonvoi!

Fredag dreg vi ut til idylliske **Fanøya i Batalden.**

Grendalaget stiller med ein vakker våg, rikeleg med flytebrygger, store telt og god stemning på kaiene. Batalden Landhandel har kveldsøpe. I skulehuset er det duka til dans og fest langt ut i dei små timar. Sjølvsagt blir det servert kulinariske gleder for strupe og mage til langt på natt! Hugs Brylcreme og Stomatol!

Laurdag vaknar vi sjølvsagt til strålande solskin! På butikken vert det servert frukost, og etter sortering av dieselfilter, mjølkeglas, solkrem og kaviar, dunkar vi oss vidare til **Barekstad** der bygdefolket tek vel i mot oss. Her skal vi nyte det late liv; preike med gamle kjende, spele gitar og syngje åndelege songar. På kaia er det både dusj og WC, straum og vatn til båtfolket og servering av grillmat og drikke. På leikeplassen kan ungene få utfalde seg medan far tek seg ein middagslur. Ut på kvelden vert det sjølvsagt dans til spelukanten Tore Leiren, kjend frå m.a. Steinar Engelbrektson. Her vert det garantert stor stemning!

Som vanleg er det grendelaga og lokale eldsjeler som gjer alt arbeidet. Vi i konvoileiinga er nøgd med rosande omtale -og eit kyss på kinnnet eller ein annan stad. Elles er det sjølvsagt viktig for oss at konvoien går fint føre seg, utan slåsting, båtfull og anna farkeskap. Reknar med at alle veikingar gjer sitt til at desse strandhogga vert til gode opplevingar for alle. Avgifta, kr. 10,- pr. båt (=brevporto) betalar du på kaia. Båtar over 30 fot betalar dobbel avgift, men trøysta får vere at kajakkar går som B-post!

Hugs å kjøpe T-skjorte !!! Støtt dei veike!! Veeel møøøtt!!

Fredag 27. juni:

1730: **Samling på Florevika ,rens av forgassar og slikt.**

1800: **Revelje – avgang**

1930: **Fanøya**

- **Konvoiavgifta**
- **T-skjorter**
- **Sal av mat og Hansa-brus**

2200: **Dans med ”Hæla i taket”!**

- **Grillmat og slikt anna ein treng**

2500: **Song og spel i gavl og kratt**

Laurdag 28.juni:

0855: **Revelje, frukost på Batalden Landhandel**

0900: **Sortering av mjølkeglas, dieselfilter, solkrem og kaviar, proviantering**

1200: **Revelje – avgang**

1330: **Landkjenning, Barekstad**

- **Song og spel**
- **Leikar og konkurransar for ungene**
- **Sal av grillmat og drikke**
- **Betalingsautomat!**

2200: **Dans, lettare servering**

2400: **Fiskesuppe!**

2500: **Jag vill ha dig!**

Søndag 29. juni:

0855: **Revelje -fellesfrukost**

1100: **Høgmesse (hugs radio!) –heimreise.**



BestMarin
Solheim Diesel

Florø Bil & Havneservice AS

Strandavegen – 6900 Florø
Tlf. 57 74 05 30



Mobil 

Bunkring fra flytebrygge døgnet rundt

Florø Skyssbåt

Tlf. 992 68 400

www.krusereklame.no

Veikingkonvoien

2014

Florø - Fanøy - Berekstad

27.-29.juni



Veik - Veksande - Viljesterk

www.veikingkonvoien.com